

STYREMØTE 28./03.- 23

kl.18 på biblioteket.

Desse møtte: Solveig, Bjørg, Mette Marie, Anne. Nelly og Sunneva.

Forfall for Mette V og Petra.

- Sak 22/-23 Referat og orienteringar
* Kristi legg VBK-boka inn på reklameskjermene.
* Søknad om midlar, 10000kr, til VBK for å fremje fellesskap med folk frå Ukraina.
* Teftmidlar ,10000kr, var tidlegare søkt på. skulle gå til lunsj for mellomsteget, aktuelt no?
* Gåve til deltakarar på lefsekurs? Nelly viste fram ein liten nytteting.
- Sak 23/-23 Søknad om tilskot. Uteområde. Kaffimaskin VTS. Røde Kors
* Uteområde - pengesøknad frå rehabiliteringsteamet.
VBK har brukt over 10000kr på Sansehagen og vil halde fram med å støtte prosjektet.
VBK er positive til søknad, vil gje til ein bestemt ting. Ber pm innspel på ting som er ynskt.
* Søknad frå Lian på VTS om pengar til kaffimaskin til Open omsorg. Saka blir utsett, Solveig kontaktar Nils Petter Lian først.
* Pengesøknad frå Norges Røde Kors - avslag.
- Sak 24/-23 Møte 16. mars
* Stad: Biblioteket kl.!8.30 (EKSTRA for denne gongen).
Annonse - Bjørg ansvarleg.

* Invitasjon til ukrainske flyktningar busett i Fjord.
Ber inn flyktningkonsulentane Dagrunn Vikesland og Lisa Nygård + norsklærer Wenche Silden.
Søknad er sendt til diverse bruk m.a tolketeneste.

* Møtetema: «Kvinner kan».
Invitasjon til Jannike Tafjord - geiter, Elida Brenna Linge - saft og sider av eple,
Therese Jemtegard frå Fjordhagen. Solveig er ansvarleg for invitasjonane.

* Kulturinnslag - Thea Marie Ytterdal m/ Kulturskuleelevar? Bjørg er ansvarleg.

* OPPMØTE kl. 18 for vertinnegruppa, Mette Marie tek kontakt. Vertinnegruppe 2 ansvarleg- - Vigdis, Aase, Kari V, Inger Lise. Lage til småbord framme ved disken.
ÅRESAL - vertinnegruppa ordnar gevinstar.
- Sak 25/-23 Forslag til tema på møta
Invitere grunderar. Ope møte m /ambulansen - v/ Bente.
Bedriftsbesøk - Linge gartneri, Lingebakken, isfabrikk i Stordal.
Samarbeid m/ Bondelaget

Sak 26/-23 Bygdafest 16.mars
3 kaker: Vigdis, Judith, Bjørg.
2 personar: Kristi, Gerd. Solveig kontaktar alle 5.
Bokstand på festen var omsnakka, styret vil heller ha stand på butikk.

Sak 27/-23 Eventuelt
* Frivilligforum 6.mars - Solveig, Bjørg, Nelly og Petra? møter.
* Distriktårsmøte - Solveig, Petra, Linda og Gerd møter.
Nelly og Bjørg sit i distriktstyret, dei møter også.

Sunneva Linge skrivar